



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 18/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/13	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 20/13	Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksmidlar til reparasjon av turstien Vollevik - Ortnevik		2013/2424
ST 21/13	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om løyve til bruk av kjemisk plantevern som skjøtselstiltak		2013/2425
ST 22/13	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik		2013/1592
ST 23/13	Stølsheimen landskapsvernområde - utbetring av stølsveg til Halset		2013/2462
ST 24/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til opp att bygging av sel på Solrenningane, og midlar til tiltaket		2013/1470
RS 3/13	Høring til forskriftsendringer i bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søke om å delta i forsøksordning med etablering av snøscooterløyper		2013/2411

### Orienteringssaker:

Fylkesmiljøvernssjef i Sogn og Fjordane Nils Erling Yndesdal orienterte om fylkesmannen si rolle som arbeidsgjevar for verneområdeforvaltarane, og fylkesmannen sin erfaring med den nye forvaltarordninga.

### **MONA-prosjektet (Mennesket og Naturarven)**

Anbjørg Nornes orienterte om framdrift i prosjektet og samling for pilotprosjekta i Pasvik 12. til 14. juni. Nils Kvamme er i gang med innlegging av data frå Stølsrapporten i verneområdeloggen.

### **Referansegruppe for utarbeiding av rettleiar om forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i verneområde etter naturmangfaldlova**

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren har sett i gang arbeid med å laga ein rettleiar for kulturminne i verneområde. Anbjørg Nornes er spurd om å delta i referansegruppa av som representant for verneområdeforvaltarane. 28. mai var fyrste møte i referansegruppa. Målsetjinga er å ha klart eit utkast til rettleiar i haust.

### **Nytt møte i verneområdestyret**

Nytt møte vert saman med møte til fagleg rådgjevande utval i veke 37.

Arkivsaksnr: 2013/2424-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	20/13	18.06.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - tiltaksmidlar til reparasjon av turstien Vollevik - Ortnevik

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 5 000 i tiltaksmidlar til grunneigarane i Vollevik til reparasjon av turstien frå Vollevik til Ortnevik.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Midlane skal nyttast til tiltak for å rydde opp etter steinskred vest for Vollevik.
- Rapport frå arbeidet skal sendast sekretariatet når arbeidet er gjennomført.
- Midlane kan utbetalast når arbeidet vert sett i gang, og innan 30.10.2013.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 18.06.2013

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 5 000 i tiltaksmidlar til grunneigarane i Vollevik til reparasjon av turstien frå Vollevik til Ortnevik.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Midlane skal nyttast til tiltak for å rydde opp etter steinskred vest for Vollevik.
- Rapport frå arbeidet skal sendast sekretariatet når arbeidet er gjennomført.
- Midlane kan utbetalast når arbeidet vert sett i gang, og innan 30.10.2013.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om tiltaksmidlar til opprydding etter steinras ved Vollevik, 03.06.2013.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Stien frå Vollevik til Ortnevik ligg utanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Den vert mykje nytta som utgangspunkt for turar inn i landskapsvernområdet. Hausten 2012 gjekk eit steinras i om lag 30 meter lengde rett vest for gardstuna i Vollevik. Steinraset gjer stien uframkommeleg, og gjer den farleg å ferdast på på grunn av lause steinar oppå trestammer. Naturoppsyn Nils Kvamme var på synfaring på vegen saman med grunneigarar, Statens naturskadefond og lensmannen i Vik 23. mars 2013. Etter synfaringa var det semje om at oppryddingsarbeidet måtte gjerast med handredskap. Kostnaden vert mest truleg dekkja av Statens naturskadefond, men med ein eigenandel på kr. 10 000. Grunneigarane søker verneområdestyret om kr. 5 000 til tiltaket. Arbeidet vert utført av grunneigarane.

## Vurdering

Stien er innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde, og går forbi gardane langs fjorden som har stølsområda sine i landskapsvernområdet. Dette er veglause gardar langs fjorden. Det er få gardar som fortsatt er i drift, men kulturlandskapet nær gardstuna vert vedlikehalda på mange av gardane. Desse gardane med stølsområda er ein viktig del av kulturhistoria for landskapsvernområdet. Vedlikehald av stien langs fjorden er difor eit viktig tiltak, og forvaltar meiner verneområdestyret kan nytta tiltaksmidlar for å støtta dette arbeidet.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom synfaringar i området av Statens naturoppsyn, grunneigarar og Statens naturskadefond.

Kunnskapen om området vert vurdert som god for å vurdera denne saka.

§ 9 Førre-var-prinsippet: Då kunnskapen om området og tiltaket er god, vert førre-var-prinsippet tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Tiltaket er opprydding etter steinraset, og vil lite truleg medføra auka belastning på økosystemet i området.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltaket vil ikkje føra til miljøforringing, men setja området tilbake til den tilstanden det var før steinraset. Dette punktet vert vurdert som lite relevant i denne saka.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Arbeidsmetodane som er valt er miljøforsvarleg og miljøvenlege metodar.

## Konklusjon:

På bakgrunn av samla vurdering rår forvaltar til at det vert løyvd tiltaksmidlar som omsøkt.

Arkivsaksnr: 2013/2425-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	21/13	18.06.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - søknad om løyve til bruk av kjemisk plantevern som skjøtselstiltak

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad frå naturoppsyn Nils Kvamme om å nytta kjemisk plantevernmiddel til skjøtselstiltak på Ytstestølen. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. IV nr. 1 og naturmangfaldlova § 48.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 18.06.2013

### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad frå naturoppsyn Nils Kvamme om å nytta kjemisk plantevernmiddel til skjøtselstiltak på Ytstestølen. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. IV nr. 1 og naturmangfaldlova § 48.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til bruk av kjemisk plantevern, datert 03.06.2013.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 4-2011
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Stølen Ytstestølen ligg i Vik kommune, og er stølen til gardsbruka på Geithus. Stølen ligg i skoggrensa og er trua av attgroing. Det dominerande treslaget er bjørk. Stølen er godt synleg frå fjorden, og viser utnytting av naturressursane i fjordbygdene. Den er autentisk og representativ for mange av stølane på sørsida av Sognefjorden. Den viser kor viktig beiteressursane har vore for busetnaden langs fjorden. På denne bakgrunn har stølen vorte prioritert med skjøtsel siste åra.

Skjøtselstiltaka på stølen er gjennomført i samråd med grunneigarane på Geithus. Det har vore manuell rydding av skogen for å opne opp att stølsbøen, og graset er slått. Det er ikkje beitedyr på stølen no, og skogen kjem raskt opp att. På stølar utan beitedyr vil renningane raskt etablera ny skog. Naturoppsyn Nils Kvamme har gjennomført skjøtselstiltaka, og søker no om å kunne stubbebehandla med Roundup bjørketrea som vert hogd no i sommar. Dette er ei punktbehandling som fører til at rota daudar, og det treng ikkje ny behandling.

## Lovgrunnlaget

*«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep»* jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at alle inngrep eller verksemd som kan endra karakteren på landskapet er forbode. Stølsbøane kan gjødslast og ryddast manuelt jf. pkt. VI, men bruk av kjemiske plantevernmidde er det ikkje gjeve opning for jf. pkt. IV nr. 1. Søknad om bruk av kjemiske plantevernmidde må difor behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen § 48, fyrste ledd i naturmangfaldlova; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig,..»*.

## Vurdering

Ytstestølen har vore prioritert med skjøtselstiltak over fleire år. Det har vore brukt tiltaksmidlar på stølen både i 2012 og no i år. Formålet med landskapsvernområdet er blant anna å ta vare på kulturlandskapet, og i forvaltningsplan er det sett opp som mål å ta vare på eit mangfald av stølstypar. Stølsrapporten har vektlagt dei ulike stølane, og Ytstestølen er trekt fram på grunn av at den er døme på ein stølstype i skoggrensa, og den er godt synleg for reisande på fjorden. Stølen har høg opplevingsverdi.

Skjøtsel i verneområdet skal gjennomførast med manuell rydding og beiting med husdyr. I område utan beitedyr vil det raskt vekse opp att ny skog etter rydding. I val av områder som er prioritert med skjøtsel, bør det leggjast vekt på om stølen kan haldast

ved like med beiting. I tilfellet med Ytstestølen er skjøtsel gjennomført, og vurderinga er korleis dette kan opprett haldast. Verneforskrifta opnar ikkje for bruk av kjemisk plantevernmiddel i verneområdet, og søknaden må difor vurderast som dispensasjonssak etter § 48 i naturmangfaldlova. Denne paragrafen skal handterast strengt, og er blant anna tenkt i saker som ikkje er vurdert i verneprosessen. I forarbeidet til vern av Stølsheimen er bruk av kjemisk plantevern vurdert, og det er gjeve generelt forbod mot dette. Skjøtsel av stølane bør gjennomførast med manuell rydding. Ringbarking av bjørka kan vera eit alternativt skjøtselstiltak. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn av det ikkje kan gjevast løyve etter naturmangfaldlova § 48 til bruk av kjemisk plantemiddel til skjøtsel på Ytstestølen.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Kunnskapen om stølane i Stølsheimen er kartlagt gjennom arbeidet med forvaltningsplan for Stølsheimen og Stølsrapporten. Stølane under skoggrensa er trua av attgroing. Bruk av plantevernmiddelet Roundup (Glyfanova Pluss) er bra kjent, og det er eit plantevernmiddel med avgrensa effekt på naturmiljøet utover det området det vert brukt. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 vert vurdert som god for og vurderer saka, og føre var prinsippet § 9 vert tillagt liten vekt.

Stubbebehandling med Roundup vil truleg berre belasta naturen på det punktet det vert nytta, og vil ikkje isolert sett gje auka belastning på økosystemet jf. § 10. Tiltaket må likevel vurderast ut frå om saka kan skapa presedens for liknande saker. Med eit generelt forbod mot bruk av kjemisk plantevernmiddel, meiner forvaltar saka vil skapa presedens. Mange av stølane i Stølsheimen er prega av attgroing, og skjøtsel med plantevernmiddel kan ikkje verta nytta som eit vanleg skjøtselstiltak. Det er vanskeleg å sjå at det er særlege grunnar for å gje dispensasjon frå vernereglane i denne saka.

§ 11 i naturmangfaldlova er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket ikkje vert tilrådd. Bruk av kjemisk plantevernmiddel vert ikkje vurdert som miljøforsvarleg teknikk i denne saka jf. § 12. Ringbarking av bjørka kan vera eit bra alternativ til stubbebehandling med Roundup, og vil vera ein betre miljømessig metode for å unngå stort oppslag av ny skog.

### **Konklusjon:**

På bakgrunn av samla vurdering rår forvaltar til at det ikkje vert gjeve løyve til å nytta kjemisk plantevernmiddel på Ytstestølen.



Arkivsaksnr: 2013/1592-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	22/13	18.06.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik

### Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram utan innstilling.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 18.06.2013

#### Handsaming i møte

Verneområdestyret kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre gjev dispensasjon frå verneforskrifta jf. naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, for å kunne realisere ei vassdragsregulering av Breidalselva i Ortnevik. Det omsøkte tiltaket ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur og inntaksdam (jf. kart og illustrasjon). Vassdragsreguleringa medfører små endringar av landskapet. Styret meiner difor at det kan gjevast dispensasjon då tiltaket ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad og at tiltaket såleis ikkje strider mot formålet for vernet.

Småkraft er ei satsing frå grunneigarane i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Denne type vassdragsregulering var ikkje spesielt vurdert på vernetidspunktet.

Vilkår for løyvet:

- Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13
- Inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein dersom det vert vurdert som naudsynt for å unngå seinare inngrep og anleggsarbeid i området.

- Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.
- Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev dispensasjon frå verneforskrifta jf. naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, for å kunne realisere ei vassdragsregulering av Breidalselva i Ortnevik. Det omsøkte tiltaket ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur og inntaksdam (jf. kart og illustrasjon). Vassdragsreguleringa medfører små endringar av landskapet. Styret meiner difor at det kan gjevast dispensasjon då tiltaket ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad og at tiltaket såleis ikkje strider mot formålet for vernet.

Småkraft er ei satsing frå grunneigarane i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Denne type vassdragsregulering var ikkje spesielt vurdert på vernetidspunktet.

Vilkår for løyvet:

- Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13
- Inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein dersom det vert vurdert som naudsynt for å unngå seinare inngrep og anleggsarbeid i området.
- Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.
- Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.

## Saksopplysningar

- Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta – Trolleholselva kraftverk, Småkraft AS, 04.04.2013
- Saksprotokoll 15/13 Stølsheimen verneområdestyre
- Tilleggsopplysningar frå Småkraft AS, datert 07.06.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Frå saksprotokoll 15/13:

Styret diskuterte saka. Styremedlem Oddvar Østerbø la fram framlegg til nytt vedtak i møte med framlegg om å tilrå utbygging av Breidalselva:

*«Stølsheimen verneområdestyret tilrår utbygging i tråd med søknaden om bygging av inntaksdam i Breidalselva i grensa til Stølsheimen landskapsvernområde med eit vasspeil som strekkjer seg om lag 10 m inn i verneområdet.*

- ✓ *Utbygging av småkraft er ei nasjonal satsing på miljøvenleg energi, og dette småkraftverket er eit slikt, som også vil få tildelt grøne sertifikat.*
- ✓ *Ei positiv tilråding vil ikkje gje presedens for andre tiltak i verneområdet.*

- ✓ *Småkraft er ei satsing frå grunneigar i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m.*
- ✓ *Ut frå ei samla vurdering, og at alle tekniske installasjonar ligg i grensa/utanfor verneområdet meiner styret det er rett å gje dispensasjon i høve § 48».*

Styret meinte saka ikkje var godt nok opplyst med tanke på kva verknad tiltaket vil kunne få i verneområdet. Dei bad sekretær ta kontakt med Småkraft AS for å få animasjonsteikning av inntaksdam i Breidalselva som viser tiltaket inne i verneområdet.

Småkraft AS har sendt inn animasjonsteikning for inngrepet i Breidalselva. Kartet og animasjonsteikning frå Småkraft AS viser at tekniske installasjonar som deler av demningsmur og inntaksdam ligg inne i verneområdet.



Figur 1 Inntaksdam Breidalselva (foto M. Vangdal)



Figur 2 Inntaksdam Breidalselva (foto M. Vangdal)

Demningsmuren er planlagt ca 1,5 meter i framkant. Inntaksdammen skal vera 2,5 meter djup frå demningsmuren og 3 meter inn i dammen. For å få denne djupna må det sprengast/gravast i elveløpet. Utbyggjar meiner det ikkje er trong for plastring av sidene i inntaksdammen.

I fylgje naturmangfaldlova § 48 kan verneområdestyret «gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge punkta på vera oppfylt for at det kan gjerast unntak frå verneforskrifta. «Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som ....vassdragsregulering..» jf. verneforskrifta pkt. IV nr. 1.

## Vurdering

Saka vert lagt fram for styret med nye opplysningar i saka.

Arkivsaksnr: 2013/2462-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 11.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	23/13	18.06.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - utbetring av stølsveg til Hallsetdalen

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Arnafjord samdrift DA løyve til å utbetra stølsvegen til Hallsetdalen. Verneområdestyret løyver inntil kr. 25 000 i tiltaksmidlar til tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI, nr. 5 og med fylgjande vilkår:

- Stølsvegen kan utbetrast i samsvar med søknad. Tiltaka skal gjennomførast i samråd med naturoppsyn Nils Kvamme.
- Fylgjande tiltak kan gjennomførast:
  - ✓ Oppsett av midlertidig gjerdestolp til gjerde på utsette parti, om lag 50 meter
  - ✓ Festa 10 til 15 rester av impregnert treverke på glatt berg
  - ✓ Sikra mot flaum i vegen med enkel forbygging langs lita elv med impregnert treplank
  - ✓ Setja opp ny støttemur der vegen sig ut
- Tiltaka skal avgrensast til det som er naudsynt for buføring av husdyr på stien.
- Dersom grunnlaget for løyvet vert endra, eller omsynet til naturmiljøet på eit seinare tidspunkt tilseier det, kan verneområdestyret krevja at tiltaket skal fjernast og området tilbakeførast til den tilstanden som var når tiltaket vart sett i gang.
- Samdrifta skal senda ein kort rapport med kostnadsoversikt til sekretariatet når arbeidet er gjennomført.
- Løyvinga står ved lag ut 2013.
- Tiltaksmidlane kan utbetalast når arbeidet er sett i gang, og innan 30.10.13.

Det må sendast eigen søknad om løyve til landing med helikopter med tidspunkt for flyging og tal landingar.

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 18.06.2013

### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Arnafjord samdrift DA løyve til å utbetra stølsvegen til Hallsetdalen. Verneområdestyret løyver inntil kr. 25 000 i tiltaksmidlar til tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI, nr. 5 og med fylgjande vilkår:

- Stølsvegen kan utbetrast i samsvar med søknad. Tiltaka skal gjennomførast i samråd med naturoppsyn Nils Kvamme.
- Fylgjande tiltak kan gjennomførast:
  - ✓ Oppsett av midlertidig gjerdestolp til gjerde på utsette parti, om lag 50 meter
  - ✓ Festa 10 til 15 rester av impregnert treverke på glatt berg
  - ✓ Sikra mot flaum i vegen med enkel forbygging langs lita elv med impregnert treplank
  - ✓ Setja opp ny støttemur der vegen sig ut
- Tiltaka skal avgrensast til det som er naudsynt for buføring av husdyr på stien.
- Dersom grunnlaget for løyvet vert endra, eller omsynet til naturmiljøet på eit seinare tidspunkt tilseier det, kan verneområdestyret krevja at tiltaket skal fjernast og området tilbakeførast til den tilstanden som var når tiltaket vart sett i gang.
- Samdrifta skal senda ein kort rapport med kostnadsoversikt til sekretariatet når arbeidet er gjennomført.
- Løyvinga står ved lag ut 2013.
- Tiltaksmidlane kan utbetalast når arbeidet er sett i gang, og innan 30.10.13.

Det må sendast eigen søknad om løyve til landing med helikopter med tidspunkt for flyging og tal landingar.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til utbetring av stølsveg til Hallsetdalen, datert 08.06.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4, 2011

Arnafjord samdrift DA søker om løyve til å utbetra og sikra stølsvegen til Hallsetdalen. Dei er avhengig av fjellbeite rundt stølane Rappen, Åsedalen og Hallsetdalen i

Stølsheimen landskapsvernområde for å ha nok tilgang på beite til husdyra. Dei bufører kvart år om lag 100 storfe til desse beita, og er avhengig av stølsvegen for å utnytta fjellbeita. Den brattaste delen av stien er utsett for slitasje frå bruk, ras, elvevatn og utgliding. Dei søker om utbetring og sikring på 4 plassar på stien. På desse plassane meiner dei er naudsynt med utbetring for fortsatt å kunne bruka stien til buføring.

Det er bruk for å setja opp eit midlertidig ledegjerde på 50 meter for å hindra at dyra går utfor berget. Dei vil bora hol i fast fjell som gjerdestolp kan setjast i. Desse vert tatt ned kvar haust. På ein bratt del av vegen har elva vaska vekk lausmassar, og det er berre glatt berg att. Her vil dei festa impregnerte trestokkar (rester) med boltar til fjellet til fotfeste for dyra. Det vil vera trong for 10 – 15 stokkar. Ei lita elv renn over svaberg på ein del av stien. På denne delen vil dei laga ei enkel forbygging med impregnert treplank (20 cm høg og 3 – 4 meter lengde) som skal boltast fast i fjellet. Dette skal hindre vatnet frå å renna langs stien, og hindre at vatnet øydelegg stien vidare nedover. Eit parti på 30 meter går langs eit berg. Her har det tidlegare vore prøvt med støttemur. Muren held på og siga ut. På dette partiet vil dei setje fast jernboltar i fjellet som kan støtte opp ein ny mur.

Arbeidet skal gjennomførast med handreidskap og manuelt arbeid. Det vil vera trong for transport av utstyr til plassen med helikopter. Kostnaden med tiltaket inklusiv helikopter, er rekna til om lag kr. 20 000. I tillegg kjem eigeninnsats på om lag kr. 20 000.



Figur 1 Forsterking av sti



Figur 2 styre elva frå stien

## Lovgrunnlag

Eit av føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på «..kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. pkt IV, 1, men verneområdestyret kan gje løyve til «Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv.» jf. pkt. VI, 5.

## Vurdering

Stølsvegen til Hallsetstølen ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. I 2012 gav Stølsheimen verneområdestyre tiltaksmidlar til Arnafjord grunneigarlag for å setje i stand den nedste delen av stien, som vart øydelagt av flaumvatn. Denne delen ligg utanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Dette arbeidet er gjennomført. Tiltaka samdrifta søker om ligg innanfor landskapsvernområdet. Det er vitige tiltak for å

vedlikehalda og sikra stølsvegen som buføringsveg, og som turveg mellom Indrefjorden og fjellområda i Stølsheimen. Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er blant anna å ta vare på kulturminne og kulturlandskap. Aktivt landbruk med beitedyr som nyttar fjellbeita er det beste tiltaket for og fremje verneformålet. Stølsvegen er avgjerande for å få beitedyr inn i landskapsvernområdet. I tillegg er det mange fotturistar som nyttar denne stien både til og frå turar i Stølsheimen.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

§ 8 Kunnskapsgrunlaget: Kunnskapen om området er godt kjent gjennom rapport om stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (rapport 4, 2011), der det er samla kunnskap om stølsdrift og kulturminne i området. I forvaltningsplanen er stølane og buføringsvegane omtala. Stølsvegen vert årleg nytta for å buføra husdyra til sommarbeite på Halsetstølen. Grunneigarane har god kunnskap om området og tiltaka det er trong for og utføra. Kunnskapen vert vurdert som god i denne saka.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Det er god kunnskapen om området og tiltaket, og føre-var-prinsippet er tillagt liten vekt i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Utbetring av stien er eit viktig tiltak for å gjera buføringa av husdyr til fjellbeite tryggare. Tiltaka er vedlikehaldsarbeid og tryggingstiltak. Dei nye tiltaka vil medføra liten belastning på økosystemet utover det som er der i dag. Den samla belastninga vert vurdert som akseptabel.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltakshavar har ansvar for opprydding på plassen etter arbeidet med utbetring av stien er gjennomført. Tiltaksmidlane går til utbetring av stien.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det skal nyttast manuelt arbeid og boremaskin for og utbeta stien. Dette vert vurdert som forsvarleg driftsmetode for tiltaket.

### **Konklusjon:**

På bakgrunn av vurderingane verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 til 12, rår forvaltar verneområdestyret til å gje løyve til tiltaket, og løyve inntil kr. 25 000 av tiltaksmidlane til tiltaket.

Arkivsaksnr: 2013/1470-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 07.06.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	24/13	18.06.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - løyve til opp att bygging av sel på Solrenningane, og midlar til tiltaket

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eldar Brekke på gnr. 2 bnr. 5 løyve til riving av eksisterande stølshus i Solrenningane og opp att bygging av nytt stølshus. Verneområdestyret løyver inntil kr. 16 800 i tiltaksmidlar til tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde pkt. VI, nr. 3 og med fylgjande vilkår:

- Eksisterande stølshus kan rivast. Murane skal takast vare på og nyttast som grunnmur i nytt stølshus.
- Stølshuset skal ha same plassering som eksisterande stølshus, men speilvendast med tilbygget sett opp på motsett langvegg enn der det står i dag. Tilbygget kan ha same lengd som hovudbygget.
- Stølshuset skal byggast i samsvar med teikningar utarbeid i samråd med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen i Sogn og Fjordane og verneområdestyret. Stølshuset skal ha same ytre rammer som det gamle stølshuset frå før 1950 når det gjeld takvinkel, kledning, vindauge og dør. Taket kan tekkast med torv. Fargen skal vera tilpassa stølsmiljøet i Solrenningane, gjerne umåla kledning.
- Uttak av torv skal skje i samråd med forvaltar. Tiltakshavar må sjølv innhenta samtykke frå aktuelle stølseigarar om uttak av torv på stølen. Uttak skal skje på ein skånsam måte for natur og landskap.
- Det kan setjast inn vindauge i langveggen med to kvadratiske vindauge ved sida av kvarandre.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.
- Dersom restaurering av selet ikkje er kome i gang innan 31.12.2014, skal det søkjast om nytt løyve.
- Tiltaksmidlane kan utgjera inntil 10 % av byggekostnad eksklusiv mva. Midlane kan utbetalt når arbeidet vert sett i gang.
- Det skal sendast rapport og rekneskap til sekretariatet når arbeidet er slutført.



Me gjer merksame på at søknaden er behandla etter verneforskrifta, og må i tillegg sendast til Høyanger kommune for behandling etter plan- og bygningslova.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.

## **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 18.06.2013**

### **Handsaming i møte**

Teikningar utarbeid av tiltakshavar Eldar Brekke 15.06.13 vart lagt fram i møte. Desse teikningane er grunnlaget for godkjenning av løyvet. Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Eldar Brekke på gnr. 2 bnr. 5 løyve til riving av eksisterande stølshus i Solrenningane og opp att bygging av nytt stølshus. Verneområdestyret løyver inntil kr. 16 800 i tiltaksmidlar til tiltaket.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. VI, nr. 3 og med fylgjande vilkår:

- Eksisterande stølshus kan rivast. Murane skal takast vare på og nyttast som grunnmur i nytt stølshus.
- Stølshuset skal ha same plassering som eksisterande stølshus, men speilvendast med tilbygget sett opp på motsett langvegg enn der det står i dag. Tilbygget kan ha same lengd som hovudbygget.
- Stølshuset skal byggast i samsvar med teikningar utarbeid i samråd med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen i Sogn og Fjordane og verneområdestyret. Stølshuset skal ha same ytre rammer som det gamle stølshuset frå før 1950 når det gjeld takvinkel, kledning, vindauge og dør. Taket kan tekkast med torv. Fargen skal vera tilpassa stølsmiljøet i Solrenningane, gjerne umåla kledning.
- Uttak av torv skal skje i samråd med forvaltar. Tiltakshavar må sjølv innhenta samtykke frå aktuelle stølseigarar om uttak av torv på stølen. Uttak skal skje på ein skånsam måte for natur og landskap.
- Det kan setjast inn vindauge i langveggen med to kvadratiske vindauge ved sida av kvarandre.
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeide er ferdig.
- Dersom restaurering av selet ikkje er kome i gang innan 31.12.2014, skal det søkjast om nytt løyve.
- Tiltaksmidlane kan utgjera inntil 10 % av byggekostnad eksklusiv mva. Midlane kan utbetalt når arbeidet vert sett i gang.
- Det skal sendast rapport og rekneskap til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Me gjer merksame på at søknaden er behandla etter verneforskrifta, og må i tillegg sendast til Høyanger kommune for behandling etter plan- og bygningslova.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om opp att bygging av stølshus i Solrenningane, datert 22.03.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Eldar Brekke søker om å få rive det gamle stølshuset i Solrenningane og setja opp nytt stølshus på tuftene av det gamle selet. Stølshuset som høyrde til garden brann ned på 50-talet og vart bygd opp att slik det står i dag midt på 70-talet. Stølshuset som vart bygd opp att vart ikkje bygd på heile arealet som det gamle stølshuset stod på. Noverande stølshus er i dårleg stand med vasskader. Både det gamle stølshuset og det som står der i dag var bygt i tre. Mange av stølshusa i Solrenningane er steinsel.

Brekke har sendt inn planteikningar for det nye stølshuset. Kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (ref.13/2976-4) har kome med uttale til teikningane. Dei har ikkje merknad til at det gamle stølshuset vert rive, då dette vert vurdert til å ha låg kulturminneverdi, men dei kjem med merknad til planteikningane. Det er viktig at nye hytter/stølshus på stølsvollen glir inn i omgjevnadane på ein god måte. Dei meiner stølshuset ber preg av hytte, og bør tilpassast utforminga av det gamle stølshuset. Brekke ynskjer å tilpassa seg krava til fylkeskommunen, men meiner stølshuset samtidig må tilpassast behova dei har i dag. Brekke har kome med nye planteikningar der stølshuset er teikna etter same utforming som det gamle stølshuset som brann i 1950. Hovudselet har smal bygningskropp med eit tilbygg med pulttak. Brekke ynskjer å flytte tilbygget over på andre sida for å få meir ljøs inn i selet. Han ynskjer å legge torv på heile taket. Det er viktig at takkonstruksjonen er sterk nok på tilbygget til å tole vekta av torva. I dag er det bølgeblikk på taket på tilbygget.

## Lovgrunnlaget

Eit av føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på «*..kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. pkt IV, 1, men verneområdestyret kan gje løyve til «*restaurering og gjennoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren*» jf. pkt. VI, 3.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne i denne samanheng kan vere konsentrasjonar av trekot i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

## Vurdering

Solrenningane er stølen til gardane Sande, Tune og Brekke på sørsida av Sognefjorden. Det har ikkje vore stølsdrift her sidan slutten på 1930-talet. Stølen har vore prioritert med skjøtselstiltak i fleire år. I regi av SNO har det vore slått på stølsvollen. Det er i dag registrert 8 bygningar og ein ruin på stølen. Fleire av stølshusa er steinsel, men berre eit av dei er om lag i original stand frå tida det var stølsdrift her. Stølshusa i tre er restaurert og bygd opp att. Det er ulik utforming på alle bygga. Brekke ynskjer å setja opp eit stølshus som er tilpassa bygningsmiljøet på stølen, og som samtidig er tilpassa dagens behov. Opp att bygging av stølshus er i tråd med det som kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. Teikning av stølshuset er utforma i samråd med fylkeskonservator, og har same utforming som det gamle selet frå før 1950. Stølshuset slik det er planlagt, vil vera eit godt døme på opp att bygging av stølshuset på stølsvollen, der utforminga er godt tilpassa det opphavlege bygningsmiljøet, samtidig som det er tilpassa søkjar sine ynskjer om oppdatering av standar på bygget. Forvaltar vil rå til at det vert gjeve løyve til å setja opp nytt stølshus i samsvar med teikningar som vert lagt fram på møte i verneområdestyret.

Brekke søker om støtte til oppføring stølshuset. Kostnadsoverslaget er på om lag kr. 168 400 eksklusiv mva. Slik bygget no er planlagt, er det god tilpassing til bygningsmiljøet på stølen. Stølshusa er ein viktig del av kulturlandskapet i Stølsheimen landskapsvernområde. Forvaltar meiner det kan nyttast tiltaksmidlar til tiltaket for å medverka til å fremje verneformålet for Stølsheimen som mellom anna er å ta vare på kulturminne og kulturlandskap, og som samtidig skal kunne nyttast til landbruk og friluftsliv. Det vert tilrådd å løyve inntil 10 % i tiltaksmidlar til bygningskostnadene.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området og stølsbygningane er bra kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen og rapport om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 5 Fylkeskonservatoren i Hordaland) og Stølsrapporten (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Det er ikkje registrert raudlistearter i Solrenningane (Artskart 10.06.13). Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt.

§ 9: Føre-var-prinsippet: Kunnskapen om området er godt, og føre-var-prinsippet vert difor tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Riving og opp att bygging av stølshuset i Solrenningane vil vera tilpassa bygningsmiljøet på stølen. Tiltaket vil ikkje føra til auka belastning på økosystemet ut over det som er der i dag. Det er sett vilkår om at teikningar av nytt stølshus skal vera tilpassa bygningsmiljøet på stølen. Uttak av torv vert vurdert til eit lite inngrep som vil gje belastning på eit lite område. Det har også tidlegare vore teke ut torv til taktekking på stølshusa. Den auka belastninga på økosystemet vert vurdert som akseptabel. Motorferdsle i samband med byggearbeidet må vurderast som eiga sak.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Det er ikkje venta at tiltaket vil føra til miljøforringing. Bygningsrestar og avfall skal fjernast etter byggeperioden er avslutta.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Byggearbeidet føregår etter lokal byggeskikk. Dette er byggemetodar som er tilpassa naturen og miljøet, og er vurdert som miljøforsvarlege teknikkar.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova meiner forvaltar det kan gjevast løyve til riving av eksisterande stølshus, og oppføring av nytt stølshus på murane.